



Tekst & musikk

**FREDDIE
LANGRIND**

FERDASKRINET

(lite forspel foran versa)

*Synnøve førebur seg
på ferda til København*

Eg klargjer mitt beste ferdaskrin
med alt det eg treng for ferda.
Eg har ikkje slike ting som skin,
men fast vil eg møte verda.
Eg tek med meg leivar og salta kjøtt
og eple frå treet i bakken.
Eg fer nok til havs både trygt og støtt,
frimodig i beste stakken.

Eg har med meg det ein alltid treng,
det reinaste og det nære,
eit minne om skog og beiteeng,
ein haldning om rett og ære,
eit skimmer av sætra som eiga verd,
og leiken som gjekk over vollen,
og Hallstein som ridand` på friarferd
fekk kysset og rømmekollen.

Eg reiser for mine, heim og ætt,
og har dette rom, det inste;
eg ber attmed bringa ganske tett
små hårlokkar frå dei minste.
Min far gav meg handa og klemte hardt,
eg såg at hans augo var blanke,
og Hallstein - eg veit - prøvde sei` eitkvart...
Min venn, eg ber med din tanke...